



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Thor Ullebø, 6996 Vadheim

Vår dato: **24 NOV 2011**

Vår ref.: NVE 201103377-2 kv/jfj

Arkiv: 315/080.22Z

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Jakob Fjellanger

22 95 92 13

Avslag på krav om revisjon

Vi viser til e-post av 28.4.2011 der De krev revisjon av vilkåra for ervervskonsesjon tildelt ved kongelig resolusjon av 1.7.1907 til Vadheim Elektrokemiske Fabriker, jf. kongelig resolusjon av 24.10.1906.


Kravet er basert på at tiltak i vassdraget i 1993 har ført til større endringar i vasstanden enn tidligare, med påfølgjande problem knytt til m.a. erosjon, attgroing i elveleiet, auka vanskar for bruk av båt til fiske og friluftsliv.

NVE vil peike på at utnyttinga av fallet i Dyrnesli kraftverk ikkje er basert på nokon reguleringskonsesjon. Dei kongelige resolusjonane gjeld berre erverv av fast eigedom og fallrettar, og er utan vilkår knytt til korleis vassdraget utnyttast. Fylgjelig ligg det ikkje føre ein konsesjon med vilkår for inngrepa i vassdraget som kan reviderast, og kravet kan difor ikkje takast til fylgje.

NVE vil opplyse om at § 66, 3. stykket i vassressurslova opnar for at NVE i "særlige tilfelle" kan fatte vedtak om at eit tiltak som har rett til å drive utan vassdragskonsesjon likevel må søke om konsesjon. Dette vil berre vere aktuelt der det ligg føre sterke miljømessige omsyn. Vi viser til rettleiar til revisjonssaker på NVE sine nettsider <http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Vannkraft/Revisjon-av-vilkaar/>.

NVE region vest har fått kopi av dette brev.

Med helsing


Carsten Stig Jensen
seksjonssjef


Jakob Fjellanger
overingeniør

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Kopi: Vadheim Elektrochemiske Fabriker, 6996 Vadheim
 NVE, Region vest, Postboks 53, 6801 Førde